



Digitaliserings- Og Forvaltningsdepartementet (dfd)
Postboks 8004 Dep
0030 Oslo

Dykkar ref.

Vår ref.

25/22787-4

Ansvarleg advokat/tlf

Trine Marlen Wang Øren

98638154

Dato:

16.03.2026

Anmodning om vurdering frå tredjepart

Innleiing

Øygarden kommune rettar med dette ei klage på Statsforvaltaren i Vestland si handtering av tilsynssaker innan barnevernet.

Grunnen til klagen er at Statsforvaltaren si utøving av tilsynsrolla og saksbehandlinga i ei konkrete tilsynssak, etter kommunen si vurdering, er i strid med grunnleggjande krav til forsvarleg saksbehandling, jf. forvaltningslova §§ 17 og 25, og i brot med Statsforvaltaren sin eiga policy for tilsynssaker i barnevern, sosial- og helsetenestene. Saksbehandlinga har ikkje ivareteke prinsippa om kontradiksjon, likebehandling og forsvarleg utgreiing, og har heller ikkje oppfylt policyens formål om å støtta opp under forbetningsarbeid i tenesta.

Kommunen ber difor Digitaliserings- og forvaltningsdepartementet om å vurdere om Statsforvaltaren sin praksis er i tråd med gjeldande regelverk og interne retningslinjer, og om det bør setjast i verk tiltak for å sikra forsvarleg og tillitsskapande tilsyn framover.

Kort om saka

Bakgrunnen for saka er at Statsforvaltaren har ført tilsyn i fleire barnevernssaker i Øygarden kommune, og denne klagen gjeld særleg ei alvorleg sak der far har drepe mor. Tilsynet omfatta perioden både før og etter drapet, og vart opna 7. januar 2024. Det har sidan vore kontakt mellom barnevernstenesta og Statsforvaltaren, og endeleg avgjerd kom 8. januar 2025, med fleire pålegg som kommunen har følgd opp. I etterkant, 6. februar 2025, valde Statsforvaltaren å melda kommunen til politiet for brot på kommunelova § 25.

Handtering av tilsynssaka

Etter vår oppfatning har Statsforvaltaren si handtering av tilsynssaka har vore kritikkverdig. Prosessen har ikkje bidrege til betre samarbeid, fagleg drøfting eller utvikling av tenesta.

Statsforvaltaren sine tilbakemeldingar har vore einsidige, der kommunen sine vurderingar ikkje blir

Postadresse	Besøksadresse	Organisasjonsnummer	Medlemmer av	E-post
Ternholmvegen 2	Øygarden rådhus	922 530 890	Advokatforeningen	
5337 Rong	Foldnesvegen 1	Kontonummer	Advokat Trine Marlen Wang Øren	trine.oren@oygarden.kommune.no
	5354 Straume	6130.05.01590	Advokat Aleksander Risdal	aleksander.risdal@oygarden.kommune.no

sett opp mot Statsforvaltaren sine konklusjonar, og det blir ikkje gjort greie for kvifor våre vurderingar blir avvist. Dette svekkjer tilliten til tilsynet og vert opplevd som lite transparent. Dialogen har vore prega av bastante konklusjonar utan opning for fagleg drøfting, og kommunen har opplevd at det ikkje er rom for å diskutera fagleg usemje eller alternative vurderingar. Kommunen har innretta seg etter Statsforvaltaren sine krav, men opplever at det framleis ikkje er godt nok, og at det ikkje er opning for å drøfta andre løysingar enn dei Statsforvaltaren sjølv foreslår.

Kommunen reagerer òg på at Statsforvaltaren valde å melda saka til politiet utan å ta omsyn til tiltaka kommunen har sett i verk innan barne- og familietenesta, medrekna barnevernet. Vi kan være samd i at ei melding til politiet kan vera nødvendig i enkelte tilfelle, men i denne saka har prosessen vore uforvarleg. Det siste er spesielt viktig når meldinga gjeld grovt aktlaus tenestefeil.

Politiet har lagt vekk saka fordi det ikkje kom fram opplysningar som gav grunnlag for vidare etterforsking. Politiet har lagt vekk saka etter bevisets stilling då det er rimeleg tvil knytt til om hendingane kan reknast som grove brot. Grunngevinga for å avslutta saka, utan vidare etterforsking eller tiltale, understøttar våre vurderingar.

Utvikling av barnevernet i Øygarden kommune

Barnevernet sin logg, kommunen sitt arkivsystem og tidslinja som viser aktivitetar og handlingar i denne konkrete saka er særskild omfattande. Denne dokumentasjonen er det sjølv sagt mogleg å få tilgang til. Her blir berre dei mest sentrale handlingane lista:

Tid	Aktivitet
Jan 23 – des 23	Gjennomgang av oppvekstområdet for å utvikla ein føreseieleg struktur og meir systematiske arbeidsprosessar. Tilsetting av nye leiarar - både kommunalsjef og barnevernsleiar
010124	Ny organisering av oppvekstområdet med eigen sektorsjef for barne- og familietenesta
Februar 24	Utlysing av stillinga barne- og familiesjef med overordna ansvar for barnevernet
Mai 24 – mars 25	Oppstart OU-prosess innan barne- og familiefeltet, inkludert familiehjelpa
160524	Statsforvaltar ber om dokumentasjon i tilsynssak Me denne meldinga starta ein omfattande prosess som kommunen opplever er prega av monolog utan rom for fagleg diskusjon eller innspel.
September 24	Oppstart nasjonalt egetilsyn barnevern Med nyttilsett barne- og familiesjef på plass startar eit omfattande arbeid med gjennomgang av systematikk, kvalitet og organisering av barnevernet. Bakgrunn er erfaringane som leia til reorganisering av oppvekstområdet og behova som her blei avdekkja.
Okt 24 – jun 25	Kurs i internkontroll og kvalitet for leiarar innan barnevern og barn- og familiefeltet Mål: Utarbeiding av forbetningsplan i barnevernet på bakgrunn av funn i internt tilsyn.
281124	Statsforvaltar: Førebels avgjerd i tilsynssak og førehandsvarsel om pålegg
171224	Svar på førebels avgjerd i tilsynssak Dette svaret er ei tydeleg tilbakemelding til Statsforvaltaren om det langsiktlege og omfattande forbetningsarbeidet som er sett i verk i barneverntenesta. Svaret ligg vedlagt, ref. vedlegg 1

Oktober 24 – juni 25	Utarbeiding av forbedringsplan for barnevernet på bakgrunn av funn i egetilsyn.
311224	Barnevernet avsluttar rekneskapsåret med eit meirforbruk på om lag 40 millionar. Kommunedirektøren startar eit arbeid for å styrka tenesta økonomisk i samsvar med behovet.
080125	Statsforvaltar fattar vedtak om pålegg i samsvar med den førebelse avgjerda. Vedtaket tek ikkje omsyn til kommunen sine vurderingar eller det omfattande forbedringsarbeidet som er skildra i tilbakemeldinga på den førebelse avgjerda.
040225	Etter tilråding frå kommunedirektøren vedtar kommunestyret forebyggjande plan med tilhøyrande tiltaksplanar.
060225	Statsforvaltar melder Øygarden kommune til politiet for grovt aktlaus tenestefeil med mellom anna følgjande grunngjeving: • «Vi meiner at kommunen ved grov aktløyse har vore passiv og ansvarsfråskrivande...» • «Etter vår vurdering har kommunen hatt ein økonomisk fordel...» • «Øygarden kommune har over tid vore kjent med situasjonen utan å iverksette nødvendige og tilstrekkelege tiltak...» Politimeldinga ligg vedlagt, ref. vedlegg 2
Mars 25	Offisiell opning av familiehjelpa
270325	Etter tilråding frå kommunedirektøren vedtar kommunestyret å styrka budsjettet til barnevernet med 40 millionar.
050326	Politimeldinga vert lagt vekk

Etter vår vurdering, viser desse handlingane ein kommune som arbeider systematisk og målretta med forbedringar. Om Statsforvaltaren meiner at tiltaka eller vurderingane er mangelfulle, har det vore gode moglegheiter for drøfting og faglege diskusjonar. Med unntak av møte på Øygarden rådhus 3. og 4. september 2025, som vart opplevd som konstruktivt, har ikkje møtepunkta lagt til rette for kunnskapsdeling eller tenesteutvikling.

Tilsynsrolle

Statsforvaltaren har ei viktig rolle som tilsynsmyndigheit, men kommunen opplever at denne rolla har vore utøvd på ein måte som har vore krevjande for dei tilsette. Det har vore tilfelle der informasjon har leke ut frå Statsforvaltaren til brukarar, og tilsette har blitt møtt av brukarar som har vore informerte om møte mellom Statsforvaltaren og kommunedirektøren før kommunen og kommunedirektøren sjølv har fått møteinnkalling eller informasjon om møte. Eit tilsynsorgan som set brukarar opp mot kommunen svekkjer tilliten og skapar uro i tenesta.

Statsforvaltaren har heller ikkje utøvd si rolle som tilsynsmyndigheit med rettleiing. I staden har det vore ei utvikling der rettleiing har vore fråverande, og der kommunen har blitt møtt med sanksjonar utan at det har vore lagt til rette for læring eller utvikling.

Vi legg til grunn rettspraksis i våre vurderingar og handlingar, og viser til både lovverk og relevante dommar når vi fattar avgjerder. Likevel opplever vi at Statsforvaltaren ikkje tek omsyn til desse juridiske vurderingane, og at våre innspel ikkje blir lytta til eller vurderte på ein reell måte. Dette gjer det vanskeleg å ha ein fagleg dialog, og svekkjer både tilliten til tilsynet og moglegheita for å utvikle tenesta i tråd med gjeldande rett.

Kommunen har òg opplevd at representantar frå Statsforvaltaren møter tilsette på ein lite imøtekomande måte, utan vilje til å lytta til kommunens faglege vurderingar, sjølv når desse er godt grunngjevne og basert på rettspraksis. Dette har svekt tilliten til tilsynet og gjort det vanskeleg å oppleva prosessen som konstruktiv og læringsorientert.

Samtidig erkjenner kommunen at det har vore behov for utvikling i barnevernstenesta, og vi har sjølve avdekt dette gjennom internkontroll. Vi har sett i gang eit omfattande forbetringsarbeid, og vi er opne for kritikk og rettleiing. Barnevernsfeltet er komplekst, og vi er ikkje ufeilbarlege.

Omdømme

Statsforvaltaren sin offentlege kommunikasjon knytt til tilsynet har ikkje omtala det omfattande forbetringsarbeidet kommunen har sett i verk, men utelukkande fokusert på kva Statsforvaltaren meiner har vore feil og kor alvorlege dette er. Vi opplevde at Statsforvaltaren var særskild aktiv i denne fasen og nærast nytta moglegheita til å statuera eit eksempel eller *tvinga Øygarden på plass*. Sjølv etter at politiet har lagt bort saka, og etter at dei fleste tilsynssakene er lukka, held Statsforvaltaren fram med denne retorikken i media.

Representantar for Øygarden kommune har vore ærlege på kva utfordringar tenesta har stått / står i, kva vurderingar som er gjort og kva forbetringstiltak som er sett i verk. I det offentlege ordskiftet har det vore viktig for kommuneleiinga å fokusera på ei positiv utvikling – ikkje berre einsidig kritikk av tenesta. Dette er viktig for å motivera tilsette til å løysa utfordringane i ein særskild krevjande kvardag. Slik tilnærming kunne også Statsforvaltaren valt utan at dette ville undergrava eiga tilsynsrolle.

Eit tilsyn som er prega av sanksjonar og maktbruk er ikkje rett medisin for å utvikla eit godt barnevern som innbyggjarane kan ha tillit til.

Avslutning

Avslutningsvis ønskjer kommunen ei tydeleg og god tilsynsmyndigheit. Vi ønskjer å bidra til eit betre barnevern, og vi meiner Statsforvaltaren må vera ein aktiv medspelar i dette arbeidet. Vi har gjort feil, og vi kjem til å gjera feil i framtida – men vi treng ein støttespelar som positivt korrigerer oss, ikkje ein motspelar. Når det ikkje er rom for fagleg drøfting, og kommunen blir tvinga til å innrette seg utan at det er opning for dialog, svekkjer det både rettstryggleiken og utviklingspotensialet i tenesta.

Det bør vurderast tiltak som både kan bidra til å forbetra tilsynet og dialogen mellom Statsforvaltar og kommunane. Slik vi vurderer situasjonen, må val av tiltak baserast på ei uavhengig gransking eller ei objektiv tredjepartsvurdering.

Med helsing

Johnny Breivik
kommunedirektør

Dokumentet er elektronisk godkjent, og krev difor ingen signatur

Kopi til
Statsforvaltaren i Vestland Njøsavegen 2 6863 Leikanger

Vedlegg
Svar på brev om førebels avgjerd i tilsynssak og førehandsvarsel om pålegg
Politimelding